

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

4. juli 2019

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Innspel til temarevisjon av kommuneplanen sin arealDEL: Areal for havbruk

I Naturvernforbundet Nordhordland sitt arbeidsprogram, vedteke på årsmøtet i 2019, heiter det:
«Arbeida målretta for redusert volum i fiskeoppdrettsnæringa i Nordhordland».

Bakgrunnen for vedtaket er høge registreringar av lakselus, sterkt forureina fjordsystem og den høge bruken av avlusningsmiddel som fører til skade på skaldyr. Verst råka er fjordsistema i Nordhordland, i sær Sørfjorden, Osterfjorden og Masfjorden, men også fjordane rundt Holsnøy, m.a. Radfjorden. Som terskelfjord er Herdleifjorden særleg utsett for forureining. Fjordane rundt Holsnøy er dessutan viktige vandringskorridorar for vossalaksen og bør difor i høgst mogleg grad holdast fri for lakselus.

I temarevisjonen vert to område i Herdleifjorden vurdert som «gode» for havbruk; utanfor Dalemarka og nordvestover frå Fløksand. Naturvernforbundet Nordhordland er usamdi i denne konklusjonen og vil be Meland kommunen trekka områda ut av temarevisjonen. I tillegg til utfordringane knytt til lakselus og forureining i eit relativt lukka fjordsystem, legg Naturvernforbundet vekt på at Herdleifjorden er mykje brukt til båtfart og fiske og at det i Dalemarka ligg bustadområde tett inn til havbruksområdet som av kommunen er kartlagt som «godt». På landsida utover frå Dalemarka er det turstiar, og det er gjort registrering av hekkande falk i bergveggen mot sjøen. I sum har dei to kartlagte havbruksområda i Herdleifjorden stort konfliktpotensiale. Då må ikkje minst føre var-prinsippet gjelda.

I Radfjorden er det registert eit stort område som kommunen meiner «kanskje» kan vera aktuelt for havbruk. Som Herdleifjorden, er Radfjorden ein terskelfjord som ikkje tålar mykje forureining. Fjorden er allereie sterkt forureina av kopar. Dessutan er Radfjorden, som Herdleifjorden, vandringskorridor for vossalaksen og difor særleg viktig å halda mest mogleg fri for lus. Naturvernforbundet Nordhordland vil difor be om at også dette området vert trekt ut av temarevisjonen. Det same gjeld området utanfor Flatøy.

Like før jonsok fekk Nordhordland som det einaste i Noreg status som biosfæreområde under UNESCO. Vilkåret er berekrafig utvikling. Det forpliktar.

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland